



Innst. 111 S

(2011–2012)

Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 14 S (2011–2012)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om endringer i statsbudsjettet for 2011 under Forsvarsdepartementet

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Føremål og hovedoversikt

I denne proposisjonen legg regjeringa fram forslag om endringer i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2011.

Omgrupperingsproposisjonen for 2011 tek føre seg budsjettekniske endringar. I tillegg vert lønnskompensasjonen for 2011 og meirinntekter for 2011 foreslått formalisert. Totalt utgjer omgrupperinga ein auke i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 363,140 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å auke enkelte bestillingsfullmakter.

1.2 Grunnlaget for omgrupperinga

Grunnlaget for omgrupperinga er vedteke budsjett for 2011, midlar ført over frå 2010 og dei seinare endringane gjort av Stortinget. Det er òg teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønnskompensasjonen for 2011 (185,348 mill. kroner).

I høve til saldert budsjett for 2011, med dei seinare endringane gjort av Stortinget, vert det ei meirinntekt på 373,666 mill. kroner der 372,525 mill. kroner vert foreslått lagt til utgiftssida. Det vert i denne samanhengen vist til Forsvarsdepartementet si meirinntektsfullmakt i Prop. 1 S (2010–2011) under romartalsvedtak II.

Regjeringa foreslår under forslag til vedtak, at utgiftsramma vert auka med 363,140 mill. kroner, og

at inntektsramma vert auka med 373,666 mill. kroner.

1.3 Forslag til utgifts- og inntektsendringar på postnivå

1.3.1 Utgifter

Den totale utgiftsramma vert foreslått auka med 363,140 mill. kroner. Driftsbudsjettet vert foreslått auka med totalt 699,787 mill. kroner, medan investeringsbudsjettet vert foreslått redusert med 336,647 mill. kroner.

Nedanfor vert dei viktigaste endringane forklart på post- og kapittelnivå.

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Post 1 vert samla foreslått auka med totalt 726,170 mill. kroner.

Post 1 vert foreslått tilført 414,494 mill. kroner i meirinntekter frå dei ulike inntektskapitla. Grunna lågare utgifter enn budsjettet vert det vidare foreslått å disponere om 1,272 mill. kroner frå post 21 Spesielle driftsutgifter, 9,000 mill. kroner frå post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, 10,200 mill. kroner frå post 50 Overføring til Statens pensjonskasse samt 0,111 mill. kroner frå post 60 Tilskot til kommunar til post 1. Post 1 vert vidare foreslått auka med 294,678 mill. kroner frå post 45 Store nyskaffingar, 0,800 mill. kroner frå post 73 Forsking og utvikling samt 5,000 mill. kroner frå post 78 Noregs tilskot til NATOs driftsbudsjett.

Post 1 vert vidare foreslått redusert med 9,385 mill. kroner grunna lågare dollarkurs på utbetalingstidspunktet enn budsjettet knytt til utbetaling i 2011 til «Støttefond for oppbygging av den afghanske hæren» (ANA Trust Fund).

Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

Post 1 vert foreslått auka med 8,083 mill. kroner.

Auken på posten gjeld omdisponering for utgifter til utviklingsprosjekt i forsvarssektoren (2,800 mill. kroner) samt dekning av utgifter i Forsvarsdepartementet i samband med førebuande arbeid for at Luftforsvarets hovudverkstad Kjeller (LHK) kan etablere som statsforetak i 2011 (5,200 mill. kroner). Anna auke skuldast budsjettekniske verknader hjå kundekapitla grunna lønnsoppgeret i Forsvarsbygg for 2011 (0,083 mill. kroner).

Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

Post 1 vert foreslått auka med 250,000 mill. kroner.

Posten vert foreslått auka med 250,000 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kap. 4710 post 1.

Kap. 1719 Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet

Post 1 vert foreslått redusert med 5,855 mill. kroner for å dekkje diverse meirbehov på andre kapittel og postar.

Kap. 1720 Felles leiings- og kommandoapparat

Post 1 vert foreslått auka med netto 162,587 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. budsjettekniske endringar knytt til rutinar for budsjettering av IT-systemet FISBasis (14,319 mill. kroner), endring i rutinar for avlønning av vernepliktig akademisk befall (7,000 mill. kroner) samt tiltak for å forsere utrangering av eigedom, bygg og anlegg (EBA) (13,300 mill. kroner). Posten vert vidare foreslått auka på grunn av oppgradering av IT-nettverk (65,971 mill. kroner), utskifting av IT-utstyr (30,000 mill. kroner) samt teknisk justering mellom kapitla av verknader i 2011 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–2012 og andre forhold (13,333 mill. kroner). Posten er òg foreslått tilført 25,029 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kap. 4720 post 1.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. budsjettekniske omdisponeringar knytt til kursplassar for Alliert kompetansesenter for operasjonar under vinterforhold (AKOV) (1,700 mill. kroner), utdanning av befallsskuleelevar (1,000 mill. kroner), budsjettansvar for bedriftshelseteneste (1,300 mill. kroner) samt vakthald på Jåtta som vert utført av Sjøforsvaret (1,000 mill. kroner). I tillegg er det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gjev ein netto reduksjon på 1,365 mill. kroner.

Kap. 1725 Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben

Post 1 vert foreslått redusert med netto 4,645 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. budsjettekniske endringar knytt til rutinar for budsjettering av IT-systemet FISBasis (4,500 mill. kroner), endring i rutinar for avlønning av vernepliktig akademisk befall (7,000 mill. kroner) samt fordeling av tiltak for å forsere utrangering av EBA til øvrige kapittel (20,000 mill. kroner). Reduksjonen er vidare knytt til finansiering av eksplosivrydding i Hofstad leir (1,800 mill. kroner), registreringsprosjekt knytt til sjuke, såra og døde (1,600 mill. kroner), saluttering ved festningsverka (1,200 mill. kroner) samt støtteteneser ved Ramsund orlogsstasjon (1,000 mill. kroner). I tillegg er det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gjev ein netto reduksjon på 3,698 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. teknisk justering mellom kapitla av verknader i 2011 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–2012 og andre forhold (34,400 mill. kroner). Posten er vidare foreslått tilført 1,753 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kap. 4725 post 1.

Kap. 1731 Hæren

Post 1 vert foreslått redusert med netto 46,287 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk justering mellom kapitla av verknader i 2011 av interneffektivisering knytt til horisontal samhandling og andre forhold (28,200 mill. kroner) samt budsjettekniske endringar knytt til rutinar for budsjettering av IT-systemet FISBasis (1,600 mill. kroner). Reduksjonen knytter seg vidare til tekniske omdisponeringar til kap. 1733 Luftforsvaret som følgje av operasjons-spesifikk trening i samband med at Luftforsvaret har fått oppdrag om å stille Force Protection Company som skal inngå i Provincial Reconstruction Team (PRT) i Afghanistan (31,180 mill. kroner).

Auken på posten gjeld m.a. tekniske omdisponeringar som følgje av at Hæren overtek ansvaret for felles MP-teneste i Forsvaret (6,500 mill. kroner), utdanning og trening av tenestehundar (2,100 mill. kroner) samt budsjettekniske verknader hjå kundekapitla grunna lønnsoppgeret i Forsvarsbygg i 2011 (2,968 mill. kroner). I tillegg er det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gjev ein netto auke på 3,125 mill. kroner.

Kap. 1732 Sjøforsvaret

Post 1 vert foreslått redusert med netto 43,022 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk justering mellom kapitla av verknader i 2011 av interneffektivisering knytt til horisontal samhandel og andre forhold (10,000 mill. kroner) samt budsjettekniske endringar knytt til rutinar for budsjettering av IT-systemet FISBasis (2,200 mill. kroner). Reduksjonen knytter seg vidare til overføring av ansvar for felles MP-teneste til Hæren (4,100 mill. kroner), lågare vedlikehaldsutgifter enn føresett på budsjetteringstidspunktet og forseinking i innfasing av Skjoldklasse farty (35,000 mill. kroner).

Auken på posten gjeld m.a. tekniske omdisponeringar som følgje av at uttak av personleg kledning og utrustning til Luftforsvaret sine rekruttar ved KNM Harald Haarfagre er belasta Sjøforsvaret (2,700 mill. kroner), vakhald på Jåtta som utførast av Sjøforsvaret (1,000 mill. kroner) samt budsjettekniske verknader hjå kundekapitla grunna lønnsoppgjeret i Forsvarsbygg i 2011 (2,968 mill. kroner). I tillegg er det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gjev ein netto auke på 1,610 mill. kroner.

Kap. 1733 Luftforsvaret

Post 1 vert foreslått auka med netto 118,357 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. høgare drivstoffutgifter enn opphavleg budsjettert (50,000 mill. kroner), kjøp av materiell til flyplassdrift (10,000 mill. kroner), teknisk omdisponering av midlar til innføring av helikopter NH-90 frå kap. 1790 Kystvakta (35,000 mill. kroner) samt tekniske omdisponeringar frå kap. 1731 Hæren som følgje av operasjonsspesifikk trening i samband med at Luftforsvaret har fått oppdrag om å stille Force Protection Company som skal inngå i Provincial Reconstruction Team (PRT) i Afghanistan (31,180 mill. kroner). Auken gjeld vidare etablering av helikopterberedskap på Rygge med to Bell helikopter på to timers reaksjonstid (0,750 mill. kroner), auking av flytimeproduksjon på flytypen DA-20 med 100 timer (1,500 mill. kroner) samt budsjettekniske verknader hjå kundekapitla grunna lønnsoppgjeret i Forsvarsbygg i 2011 (2,227 mill. kroner). I tillegg er det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gjev ein netto auke på 2,900 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk justering mellom kapitla av verknader i 2011 av interneffektivisering knytt til horisontal samhandling og andre forhold (7,400 mill. kroner), omdisponeringar som følgje av overføring av ansvar for felles MP-teneste til Hæren (2,400 mill. kroner), utdanning og trening av tenestehundar (1,400 mill. kroner) samt budsjettekniske endringar knytt til rutinar for budsjettering av IT-systemet FISBasis (1,300 mill. kroner). Reduksjonen knytter seg vidare til at uttak av

personleg kledning og utrustning til Luftforsvaret sine rekruttar ved KNM Harald Haarfagre er belasta Sjøforsvaret (2,700 mill. kroner).

Kap. 1734 Heimevernet

Post 1 vert foreslått auka med netto 6,690 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. flytteutgifter i samband med etablering og flytting av HV-staben til Terningmoen (6,600 mill. kroner). Posten vert vidare foreslått auka grunna opprusting av treningssentra til HV (5,000 mill. kroner), tiltak for å forsere utrangeing av EBA (6,700 mill. kroner) samt budsjettekniske verknader hjå kundekapitla grunna lønnsoppgjeret i Forsvarsbygg for 2011 (0,607 mill. kroner). I tillegg er det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gjev ein netto auke på 1,683 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk justering mellom kapitla av verknader i 2011 av interneffektivisering knytt til horisontal samhandling og andre forhold (11,800 mill. kroner) samt budsjettekniske endringar knytt til rutinar for budsjettering av IT-systemet FISBasis (2,100 mill. kroner).

Kap. 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon

Post 1 vert foreslått auka med netto 148,943 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. teknisk justering mellom kapitla av verknader i 2011 av interneffektivisering knytt til horisontal samhandel og andre forhold (35,800 mill. kroner), eksplosivrydding i Hofstad leir (1,800 mill. kroner), lågare inntening enn budsjettert for horisontal samhandel (31,292 mill. kroner) samt budsjettekniske verknader hjå kundekapitla grunna lønnsoppgjeret i Forsvarsbygg for 2011 (1,766 mill. kroner). Posten er vidare foreslått tilført 81,351 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kap. 4740 post 1.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. budsjettekniske endringar knytt til rutinar for budsjettering av IT-systemet FISBasis (1,400 mill. kroner). I tillegg er det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gjev ein netto reduksjon på 1,666 mill. kroner.

Kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg

Post 1 vert foreslått redusert med 16,826 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. omdisponering til anna verksemd på forsvarsbudsjettet (15,700 mill. kroner) samt justering av verknader i 2011 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–

2012 (3,500 mill. kroner). I tillegg vert det foreslått andre tekniske justeringar som samla gjev ein netto reduksjon på 1,902 mill. kroner.

Auken på posten gjeld meirinntekter (4,276 mill. kroner). Meirinntekta har ei tilsvarande ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kap. 4760 post 1.

Kap. 1790 Kystvakta

Post 1 vert foreslått auka med 22,646 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. ekstraordinære og uføresette vedlikehalds- og reparasjonsutgifter knytt til hjelpemotorar og radarsystem på Nordkapp-klasse farty (11,100 mill. kroner) samt høgare drivstoffutgifter enn føresett på budsjetteringstidspunktet (23,700 mill. kroner). Auken knytter seg vidare til klassifisering av KV Senja (15,000 mill. kroner), kjøp av drivstoff (5,000 mill. kroner) samt kjøp av naudsynt driftsmateriell (3,500 mill. kroner).

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk omdisponering til kap. 1733 grunna innføring av helikopter NH-90 (35,000 mill. kroner). I tillegg er det foreslått andre tekniske justeringar som samla gjev ein netto reduksjon på 0,654 mill. kroner.

Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta

Post 1 vert foreslått redusert med 0,179 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld justering av verknad i 2011 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–2012.

Kap. 1792 Norske styrkar i utlandet

Post 1 vert foreslått auka med 114,107 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. kjøp av proviant, utskifting av basemateriell i Afghanistan samt meirbehov knytt til uvisse rundt den vidare utviklinga i Afghanistan (90,000 mill. kroner). Auken gjeld vidare meirinntekter (32,560 mill. kroner). Meirinntektene har ei tilsvarande ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kap. 4792 post 1. Det er vidare foreslått tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gjev ein auke på 0,932 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld lågare dollarkurs på utbetalingstidspunktet enn budsjettert knytt til utbetaling i 2011 til «Støttefond for oppbygging av den afghanske hæren» (ANA Trust Fund) (9,385 mill. kroner).

Kap. 1795 Kulturelle og allmenntilgjengelige føremål

Post 1 vert foreslått auka med 11,571 mill. kroner.

Auken på posten vert m.a. knytt til kjøp av instrument til Forsvarets musikkorps (2,000 mill. kroner)

og audiovisuelt utstyr til Ridehuset på Akershus festning (0,600 mill. kroner). Posten er vidare foreslått auka med 8,000 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarande ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kap. 4795 post 1. Det er vidare foreslått tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gjev ein netto auke på 0,971 mill. kroner.

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTAR

Kap. 1735 Etterretningstenesta, post 21 vert foreslått redusert med 1,272 mill. kroner.

POST 43 TIL DISPOSISJON FOR FORSVARS- DEPARTEMENTET

Kap. 1719 Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet, post 43 representerer ein reserve for Forsvarsdepartementet. I 2011 vert posten nytta til å dekkje ymse meirbehov, mellom anna utgifter i samband med 8. mai-arrangement for veteranar. Posten vert foreslått redusert med 9,000 mill. kroner for å dekkje ymse meirbehov på andre kapittel og postar.

POST 44 FELLESEFINANSIERTE BYGGJE- OG ANLEGG- ARBEID, NASJONALFINANSIERT DEL

Kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg, post 44 vert foreslått redusert med 3 mill. kroner grunna noko seinare framdrift enn planlagt på prosjekta knytt til Joint Warfare Centre.

POST 45 STORE NYSKAFFINGAR

Kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg, post 45 vert foreslått redusert med 318,647 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld inndekning av lågare inntekter frå NATO (47,134 mill. kroner), jf. omtale under 4760, post 48, samt inndekning av lågare inntekter frå sal av eigeidom enn forventta på budsjetteringstidspunktet, jf. omtale under kap. 4710, post 47 (19,150 mill. kroner). Reduksjonen gjeld vidare omdisponering til anna verksemd på forsvarsbudsjettet grunna leverandørførseinkingar (324,678 mill. kroner).

Auken på posten vert knytt til meirinntekter (72,315 mill. kroner), jf. omtale under kap. 4760 post 45.

POST 46 EKSTRAORDINÆRT VEDLIKEHALD

Kap. 1710 Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg, post 46 vert foreslått auka med 30,000 mill. kroner for å setje i stand murar og bygningar på festningsverka. Tiltaka er vesentlege for å nå regjeringa si målsetjing om ordinært vedlikehaldsnivå for nasjonale kulturminne innan 2020.

POST 48 FELLEFINANSIERTE BYGGJE- OG ANLEGGS-
ARBEID, FELLEFINANSIERT DEL

Kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg, post 48 vert foreslått redusert med 25,000 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast noko seinare framdrift enn planlagt på prosjekta knytt til Joint Warfare Centre slik at utbetaling ikkje kjem som planlagt i 2011.

POST 50 OVERFØRING TIL STATENS PENSJONSKASSE

Kap. 1720 Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben, post 50 vert foreslått redusert med 10,200 mill. kroner på grunn av mindrebehov på posten i 2011.

POST 60 TILSKOT TIL KOMMUNAR

Kap. 1795 Kulturelle og allmenntilgjengelige føremål, post 60 vert foreslått redusert med 0,111 mill. kroner på grunn av teknisk balansering i tråd med det som er lagt til grunn.

POST 73 FORSKING OG UTVIKLING

Kap. 1700 Forsvarsdepartementet, post 73 vert foreslått redusert med 0,800 mill. kroner på grunn av mindrebehov på posten i 2011.

POST 75 FELLEFINANSIERTE BYGGJE- OG ANLEGGS-
ARBEID, NOREGS TILSKOT TIL NATOS
INVESTERINGSPROGRAM FOR TRYGGLEIK

Kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg, post 75 vert foreslått redusert med 20,000 mill. kroner.

Utbetalingane på posten er avhengig av den totale produksjonen i alle NATOs medlemsland, og Noreg kan ikkje påverke dette. Prognosen er basert på låge betalingskrav frå NATO i første, andre og tredje kvartal i 2011. Det er stor uvisse knytt til kor stort Noregs endelege bidrag til NATO vert i 2011.

POST 78 NOREGS TILSKOT TIL NATOS
DRIFTSBUDSJETT

Kap. 1719 Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet, post 78 vert foreslått redusert med 5 mill. kroner på grunn av mindrebehov på posten i 2011.

1.3.2 *Inntekter*

Det er registrert netto meirinntekter på 373,666 mill. kroner i 2011.

POST 1 DRIFTSINNTEKTER

Post 1 driftsinntekter vert foreslått auka med 415,635 mill. kroner.

Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

Posten vert foreslått auka med 261,525 mill. kroner.

Auken på posten vert m.a. knytt til auka tenesteleveransar utover det som er avtalefesta mellom Forsvarsbygg og kundane for 2011 som omhandler m.a. brukerstyrt utvikling, service og støttetjenester (200,000 mill. kroner). Forsvarsbygg legg til grunn det som er avtalefesta i budsjetteringa si. Auken gjeld vidare inntekter knytt til energi i 2011 grunna høgare forbruk og høgare prisar enn det som vart lagt til grunn på budsjetteringstidspunktet (50,000 mill. kroner). I tillegg vert det foreslått å auke posten med 11,525 mill. kroner knytt til verknad av lønnsoppgjoret i 2011. Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside og fører derfor med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 4720 Felles leiings- og kommandoapparat

Post 1 vert foreslått auka med 25,029 mill. kroner.

Auken er knytt til refusjon av utgifter i samband med at allierte og samarbeidsnasjonar har vore på øving i Noreg (13,900 mill. kroner). Auken gjeld vidare høgare inntekter enn varsla på budsjetteringstidspunktet knytt til verksemda ved Forsvarets Høgskole (11,129 mill. kroner). Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside og fører derfor med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 4725 Fellesinstitusjonar og -inntekter under Forsvarsstaben

Post 1 vert foreslått auka med 1,753 mill. kroner.

Auken gjeld gjennomføring av konferansen The Interallied Confederation of Reserve Officers (CIOR). Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside og fører derfor med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 4740 Forsvarets logistikkorganisasjon

Post 1 vert foreslått auka med 81,351 mill. kroner.

Auken på posten vert knytt til sal av drivstoff til allierte og andre samarbeidsnasjonar på øving i Noreg (75,000 mill. kroner), tilbakebetaling av utlegg for påkomne utgifter knytt til prosjektet for sikring av våpen/ammunisjon (1,900 mill. kroner), sal av ammunisjon til politiet (0,500 mill. kroner) samt sal av renoverte kvartermateriell til Forsvarsbygg (1,000 mill. kroner). I tillegg er det foreslått andre mindre justeringar som samla gjev ein auke på 2,951 mill. kroner. Inntektene har ei tilsvarende

utgiftsside og fører derfor med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 4760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg

Post 1 vert foreslått auka med 4,276 mill. kroner. Auken gjeld tilbakebetaling av utlegg i samband med at Noreg drifter eit felles nordisk prosjektkontor knytt til «Nordisk Standard Helikopter Program» (HSHP). Inntektene har ei tilsvarande utgiftsside og fører derfor med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 4791 Redningshelikoptertenesta

Post 1 vert foreslått auka med 1,141 mill. kroner som er knytt til lønnsoppgjeret i 2011 for Justisdepartementets del av Redningshelikoptertenesta.

Kap. 4792 Norske styrkar i utlandet

Post 1 vert foreslått auka med 32,560 mill. kroner.

Auken på posten gjeld refusjonar som følgje av forvaltingsavtalar som regulerer deling av utgifter mellom andre samarbeidsnasjonar. Inntektene har ei tilsvarande utgiftsside og fører derfor med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 4795 Kulturelle og allmenntilgjengelige formål

Post 1 vert foreslått auka med 8,000 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. meirinntekter knytt til Akershus kommandantskap (4,000 mill. kroner), frå omvisningar på Akershus Slott, billettsal knytt til arrangement for Forsvarets musikk (2,500 mill. kroner), samt inngangspengar på Oscarsborg festningsmuseum og Norges Hjemmefrontmuseum (1,500 mill. kroner). Inntektene har ei tilsvarande utgiftsside og fører derfor med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

POST 45 STORE NYSKAFFINGAR

Kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg, post 45 vert foreslått auka med 72,315 mill. kroner.

Auken vert knytt til royalties (5,700 mill. kroner) og konvensjonalbøter (3,515 mill. kroner), tilbakebetaling av utlegg for oppsamla utgifter knytte til Noregs lead nation-utgifter innanfor P4387 Multinational Geospatial Co-production Program der Noreg vidarefakturerer utgifter til Danmark, Finland og Sverige (32,200 mill. kroner). Vidare er utgifter vidarefakturert FD og enkelte leverandørar innanfor akti-

vitetar utført av Forsvaret knytt til Dual Mode kryptosystem, MAJIIC Extension (Multi-sensor Aeospace/ground Joint ISR Interoperability Coalition) og Kampflyprogramet (10,900 mill. kroner). Posten er vidare foreslått auka i samband med avhending av torpedoen Sting Ray mod 0 (20,000 mill. kroner).

Inntektene har ei tilsvarande utgiftsside og fører derfor med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

POST 47 SAL AV EIGEDOM

Kap. 1710 Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg, post 47 vert foreslått redusert med 19,135 mill. kroner.

Reduksjonen på posten skuldast at nokre sal har tatt lengre tid enn planlagt og at tidspunktet for oppgjer vert skyvd til 2012. Reduksjonen fører med seg ein tilsvarande parallell reduksjon av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

POST 48 FELLEFINANSIERTE BYGGJE- OG ANLEGGARBEID, FELLEFINANSIERT DEL

Kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg, post 48 vert foreslått redusert med 95,134 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast noko seinare framdrift enn planlagt på prosjekta knytt til Joint Warfare Centre Automated Information System-prosjektet. Inntekter frå NATO vert mottatt på bakgrunn av opphavlege innmeldte planar, og vert ikkje justert før i påfølgjande år. For 2010 førte dette til høge utbetalingar frå NATO i samband med den seine framdrifta, og tilsvarande låge inntekter i 2011.

Reduksjonen fører til ein tilsvarande parallell reduksjon av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

1.4 Bestillingsfullmakter

Regjeringa foreslår ein auke av bestillingsfullmakter i 2011:

Bestillingsfullmakter under kap. 1700 Forsvarsdepartementet, post 1 driftsutgifter, vert foreslått auka med 5 mill. kroner, frå 0 til 5 mill. kroner. Bestillingsfullmakta er knytt til drift av Forsvarsdepartementet.

Bestillingsfullmakter under kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg, post 44 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del, vert foreslått auka med 10 mill. kroner, frå 115 til 125 mill. kroner. Auken gjeld forseinking i samband med prosjekta BRASS (Broadcast and Ship-Shore System) og ACCS (Air Command and Control System).

Bestillingsfullmakter under kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg, post 48 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del vert foreslått auka med 65 mill. kroner, frå 165 mill. kroner til 230 mill. kroner. Auken gjeld forseinking i samband med prosjekta JWC (Joint Warfare Centre) og SINDRE II (nedsenkbare luftvarslingsradarar).

1.5 Informasjonssak

1.5.1 Flytting av Heimevernsstaben (HVST) til Terningmoen

Det visast til Prop. 1 S (2011–2012) om etablering og flytting av HV-staben til Terningmoen ila. 2011. I samband med flyttinga vil òg ein del av planressursane som tidlegare var lokalisert utanfor HV-staben, verte organisert som ein del av staben på Terningmoen. Dette er ei intern omorganisering i HV og inneber ingen auke av HVs samla personellressursar knytt til stabsfunksjonar. Flyttinga skal vere slutført i løpet av 2011. Personellauken i HV-staben skuldast ei konsolidering av stabselement innanfor HVs samla organisasjon.

Flyttinga er planlagt gjennomført med følgjande utgifter i 2011:

- Eigedom, bygg- og anlegg (EBA) (post 47): 51,8 mill. kroner
- Meirutgift (Post 1): 6,6 mill. kroner

3. Komiteens tilråding

Komiteen viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

I

I statsbudsjettet for 2011 vert det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
Utgifter			
1700		Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med	8 083 000
		frå kr 410 020 000 til kr 418 103 000	
	73	Forsking og utvikling, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	800 000
		frå kr 20 131 000 til kr 19 331 000	
1710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	1	Driftsutgifter, vert auka med	250 000 000
		frå kr 2 723 957 000 til kr 2 973 957 000	
	46	Ekstraordinært vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert auka med	30 000 000
		frå kr 90 239 000 til kr 120 239 000	

Byggjearbeida er starta på Terningmoen, og bygningane er planlagt ferdige i november/desember 2011. Bygningane omfattar ein kontormodul og ein forlegningsmodul. Meirutgiftene omfattar ny telefonsentral for å auke talet på telefonnummer og IKT-materiell, innreiing og møbler til kontor og forlegningsmodul, samt utgifter til flyttebyrå. HV-staben flytter inn på Terningmoen i desember 2011.

Meirutgifta under Post 1 vert dekt ved omgruppering av midlar til kap. 1734 medan kostnadene til EBA dekkast over investering på kap. 1710 post 47.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Laila Gustavsen, Eva Kristin Hansen, Svein Roald Hansen, Tore Nordtun, Anita Orlund og Helga Pedersen, fra Fremskrittspartiet, Jan Arild Ellingsen, Morten Høglund, Siv Jensen, Peter N. Myhre og Karin S. Woldseth, fra Høyre, Peter Skovholt Gitmark, Jonni Helge Solsvik og lederen Ine M. Eriksen Søreide, fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, og fra Kristelig Folkeparti, Dagfinn Høybråten, viser til spørsmål til og svar fra departementet (vedlagt).

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1719		Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 221 898 000 til kr 216 043 000	5 855 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 17 000 000 til kr 8 000 000	9 000 000
	78	Noregs tilskot til NATOs driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 215 000 000 til kr 210 000 000	5 000 000
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 2 545 262 000 til kr 2 707 849 000	162 587 000
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 2 003 172 000 til kr 1 998 527 000	4 645 000
	50	Overføring til Statens Pensjonskasse, <i>kan overførast</i> , vert redusert med . frå kr 66 604 000 til kr 56 404 000	10 200 000
1731		Hæren	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 5 490 189 000 til kr 5 443 902 000	46 287 000
1732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 3 350 644 000 til kr 3 307 622 000	43 022 000
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 4 027 315 000 til kr 4 145 672 000	118 357 000
1734		Heimevernet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 1 103 966 000 til kr 1 110 656 000	6 690 000
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med frå kr 987 542 000 til kr 986 270 000	1 272 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 2 345 755 000 til kr 2 494 698 000	148 943 000
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760 post 45</i> , vert redusert med frå kr 975 986 000 til kr 959 160 000	16 826 000
	44	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 51 680 000 til kr 48 680 000	3 000 000
	45	Store nyskaffingar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 7 930 976 000 til kr 7 612 329 000	318 647 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	25 000 000
		frå kr 34 000 000 til kr 9 000 000	
	75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskot til NATOs investe- ringsprogram for tryggleik, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760 post 44</i> , vert redusert med	20 000 000
		frå kr 99 790 000 til kr 79 790 000	
1790		Kystvakta	
	1	Driftsutgifter, vert auka med	22 646 000
		frå kr 979 763 000 til kr 1 002 409 000	
1791		Redningshelikoptertenesta	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med	179 000
		frå kr 486 507 000 til kr 486 328 000	
1792		Norske styrkar i utlandet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med	114 107 000
		frå kr 1 555 511 000 til kr 1 669 618 000	
1795		Kulturelle og allmenntyttige føremål	
	1	Driftsutgifter, vert auka med	11 571 000
		frå kr 239 470 000 til kr 251 041 000	
	60	Tilskot til kommunar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	111 000
		frå kr 1 647 000 til kr 1 536 000	
Inntekter			
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	1	Driftsinntekter, vert auka med	261 525 000
		frå kr 3 487 132 000 til kr 3 748 657 000	
	47	Sal av eigedom, vert redusert med	19 150 000
		frå kr 153 150 000 til kr 134 000 000	
4720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	1	Driftsinntekter, vert auka med	25 029 000
		frå kr 72 620 000 til kr 97 649 000	
4725		Fellesinstitusjonar og -inntekter under Forsvarsstaben	
	1	Driftsinntekter, vert auka med	1 753 000
		frå kr 49 451 000 til kr 51 204 000	
4740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsinntekter, vert auka med	81 351 000
		frå kr 108 046 000 til kr 189 397 000	
4760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	(Ny) 1	Driftsinntekter, løyvast med	4 276 000
	(Ny) 45	Store nyskaffingar, løyvast med	72 315 000
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, vert redusert med	95 134 000
		frå kr 134 000 000 til kr 38 866 000	

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4791		Redningshelikoptertenesta	
	1	Driftsinntekter, v e r t a u k a med	1 141 000
		frå kr 449 001 000 til kr 450 142 000	
4792		Norske styrkar i utlandet	
	1	Driftsinntekter, v e r t a u k a med	32 560 000
		frå kr 10 368 000 til kr 42 928 000	
4795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	1	Driftsinntekter, v e r t a u k a med	8 000 000
		frå kr 2 413 000 til kr 10 413 000	

II

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet i 2011 kan gjere bestillingar utover dei gjevne løyvingane. Den samla ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar skal ikkje overstige følgjande beløp:

Kap.	Post		Samla ramme
1700		Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, v e r t l ø y v d med	5 000 000
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	44	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del, v e r t a u k a med	10 000 000
		frå kr 115 000 000 til kr 125 000 000	
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, v e r t a u k a med	65 000 000
		frå kr 165 000 000 til kr 230 000 000	

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 7. desember 2011

Ine M. Eriksen Søreide

leder og ordfører

Vedlegg 1**Brev fra Forsvarsdepartementet v/statsråden til utenriks- og forsvarskomiteen, datert 28. november 2011**

Svar på spørsmål av 16. november 2011 fra utenriks- og forsvarskomiteen til Prop. 14 S (2011–2012) – Endringer i statsbudsjettet for 2011 under Forsvarsdepartementet

Spørsmål nr. 1

Kap. 1732 Sjøforsvaret: Hvilken operativ konsekvens får det at Skjold-klassen fartøylene er forsinket i innfasingen, hvilke mannskapsmessige og utdanningsmessige konsekvenser vil dette medføre?

Svar

Sjøforsvaret har i inneværende langtidperiode blitt styrket for å legge til rette for økt seilingsaktivitet med fokus på nordområdene. Nye fartøysklasser er prioritert, og således medfører forsinkelsene med leveransen av Skjold-klassen at andre fartøysklasser seiler mer enn planlagt. Konsekvensen av forsinket innfasing og redusert teknisk tilgjengelighet på motatte fartøyer er begrenset og vil i hovedsak gi seg utslag i at aktivitetsøkningen for Skjold-klassen kommer noe senere. Besetningene vil i perioder seile på andre fartøysklasser hvor våpen- og brosystemer er tilnærmet den samme som på Skjold-klassen. Dette bidrar til å opprettholde og utvikle kompetanse, samtidig som Forsvaret sikrer kompetansebygging på tvers av de ulike våpnene i Sjøforsvaret. I tillegg gjennomføres testseilas ved verftet med de fartøylene som ennå ikke er levert.

Spørsmål nr. 2

Kap. 1790 Kystvakten: Hva er bakgrunnen for omdisponeringen til kap. 1733, er forutsetningene for innføringen av helikopter NH-90 endret?

Svar

Driften av Lynx-helikoptrene budsjetteres på kapittel 1790 Kystvakten. Lynx-helikoptrene skal

fases ut etter hvert som NH-90 innfases. Innfasing av de nye NH-90 -helikoptrene budsjetteres på kapittel 1733 Luftforsvaret. Regjeringen foreslår en teknisk omdisponering på 35 mill. kroner fra kapittel 1790 Kystvakten til kapittel 1733 Luftforsvaret. I henhold til planene for utfasing av Lynx og innfasing av NH-90 opererer Lynx-helikoptrene på det som kalles «lean production». Det vil si at kun nødvendig vedlikehold og reservedelsanskaffelser gjennomføres. Helikoptrene når snart sin maksimale flytid, og utnyttelsen planlegges slik at Kystvakten skal få maksimalt utbytte av Lynx før de når utløpet av teknisk levetid. For bedre å synliggjøre en oppdatert og riktigst mulig fordeling av kostnader mellom «lean production» og innfasing av de nye NH-90-helikoptrene i 2011 foreslår regjeringen en omdisponering mellom kapittel 1733 Luftforsvaret og kapittel 1790 Kystvakten. Omdisponeringen vil ikke ha operative konsekvenser for Kystvakten.

Spørsmål nr. 3

Proposisjonens punkt 2.1.11 Post 75, Kapittel 1760: Hvorfor reduseres posten når det er stor uvissheit knyttet til hvor stort Norges bidrag til Nato endelig blir i 2011?

Svar

Posten nyttes til å dekke Norges bidrag til gjennomføring av NATOs investeringsprogram for sikkerhet (NSIP). Regjeringen har foreslått å redusere posten som følge av justert prognose fra NATO. Usikkerheten ble tidligere vurdert som høy da flere nasjoner mente at prefinansierte prosjekter burde utbetales i 2011 for å bøte på manglende fremdrift i prosjektgjennomføringen. Usikkerheten er redusert som følge av at det ikke har blitt enighet mellom NATO-landene om større utbetalinger på ferdige, prefinansierte prosjekter.

Vedlegg 2**Brev fra Forsvarsdepartementet v/statsråden til utenriks- og forsvarskomiteen, datert 2. desember 2011**

Svar på spørsmål av 25. november 2011 fra Stortingets utenriks- og forsvarskomite til Prop. 14 S (2011–2012) – Endringer i statsbudsjettet for 2011 under Forsvarsdepartementet

Spørsmål nr. 1

Vedrørende kapittel 1725, hvor det fremkommer en reduksjon på 7 millioner kroner knyttet til endringer i rutiner for avlønning av vernepliktig akademisk befal. Medfører endringene en reell lønsreduksjon for vernepliktig akademisk befal i Forsvaret? Hva er i så tilfelle bakgrunnen for dette?

Svar

Regjeringen har i Prop. 14 S (2011–2012) foreslått en budsjetteknisk omdisponering av 7 mill. kroner fra kapittel 1725 til kapittel 1720 knyttet til endringer i rutiner for avlønning av vernepliktig akademisk befal. Bakgrunnen for forslaget er at det på budsjetteringstidspunktet ikke var avklart hvor ansvaret for avlønning skulle ligge, og midlene ble således midlertidig budsjettet på kapittel 1725. Det ble senere besluttet at ordningen skulle iverksettes 1. januar 2011, og midlene er derfor foreslått omdisponert til riktig kapittel (kap. 1720) som vil ha ansvaret for avlønning av vernepliktig akademisk befal.

Forslaget er således av teknisk karakter og har ingen reell effekt for lønnsnivået for vernepliktig befal.

Spørsmål nr. 2

Vedrørende kapittel 1792. Vi ber om en spesifisert oversikt, med tilknyttede kostnader, over hvilke «meirbehov knytt til uvisse rundt den videre utviklinga i Afghanistan» som utløser behovet for en omdisponering av 90 mill. kroner.

Svar

Regjeringen har i Prop. 14 S (2011–2012) foreslått og omdisponere totalt 90 mill. kroner til kapittel 1792 for å dekke kostnader bl.a. til kjøp av proviant, utskifting av basemateriell i Afghanistan samt merbehov i forbindelse med usikkerhet knyttet til sikkerhetssituasjonen i Afghanistan.

Merbehovet i 2011 knytter seg til følgende områder:

- Utskifting av basemateriell (telt, feltbord, LAB-container og lignende) (10,8 mill. kroner).
- Økning i antall kokker (2,0 mill. kroner).
- Anskaffelse av proviant (60,0 mill. kroner).
- Gjenanskaffelse av materiell som følge av sikkerhetssituasjonen i operasjonsområdet. Dette gjelder oppreparering og gjenanskaffelse av kjøretøy, våpen, samband, personlig bekledding og utrustning (12,5 mill. kroner).
- Anskaffelse av utstyr knyttet til militær-geografiske tjenester (1,1 mill. kroner).
- Infrastrukturtiltak i Afghanistan. Dette gjelder bl.a. ny strømforsyning til hall i Camp Nidaros/NCC og NSE i Mazar-e-Sharif og ny septiktank i camp Meymaneh/PRT (3,3 mill. kroner).
- Anskaffelse av blodvarmere i PRT. Blodvarmer er en medisinsk innretning for å varme opp blod (0,3 mill. kroner).

Spørsmål nr. 3

Vi ber om en spesifisert oversikt over de leverandørforsinkelsene som er bakgrunn for omdisponeringen av 324,678 mill. kroner fra kapittel 1760, post 45.

Svar

Regjeringen har i Prop. 14 S (2011–2012) foreslått og omdisponere 324,678 mill. kroner til annen virksomhet på forsvarsbudsjettet. Det forventes leverandørforsinkelser i 2011, hvorav i underkant av 325 mill. kroner foreslås omdisponert til andre formål på forsvarsbudsjettet i 2011. De leverandørforsinkelser som har størst konsekvens relatert til utbetalinger for 2011, knytter seg til følgende prosjekter: P7660 Nytt enhetshelikopter (ca. 700 mill. kroner), P6300 Skjold-klasse MTB (ca. 305 mill. kroner), P6088 Fregattprosjektet (ca. 300 mill. kroner) og P5439 Landbasert, indirekte ildstøtte (ca. 150 mill. kroner). I tillegg kommer leverandørforsinkelser i flere mindre prosjekter, som er kompensert gjennom ulike iverksatte tiltak. Leverandørforsinkelser søkes normalt kompensert ved å forsere andre prosjekter i den samlede investeringsporteføljen. Leverandørforsinkelser i materiellinvesteringsprosjekter med store planlagte utbetalinger i budsjettåret kan imidlertid være vanskelig å kompensere innenfor det samme året.